



Eplesorten 'Fonn'. (Foto: Dag Røen)



Eplesorten 'Halo'. (Foto: Dag Røen)

# 'Fonn', 'Halo' og 'Lady Oy'

**Graminor har nyleg namngitt tre nye eplesortar. 'Fonn' og 'Lady Oy' er raude eple, mens 'Halo' er eit gulgrønt eple.**

**TEKST:** Dag Røen, Liv Hatleli Gilpin, Kurab Røen, Sigurd Molvik, Sverre Moe og Oliver Prøven, Njøs frukt- og bærsenter; Stig Rune Lunde Herbrandsen, Graminor.

Graminor har søkt rettsbeskyttelse for tre nye eplesortar og har gitt dei namna 'Fonn', 'Halo' og 'Lady Oy'. Sortane er frå Graminor sitt foredlingsprogram ved Njøs frukt og bærsenter (NJØS).

## 'Fonn'

'Fonn' er eit raudt eple (Bilde 1) som er sprøare og saftigare enn 'Aroma'. Vanleg haustetid er nokre dagar før 'Aroma'. Det er ein produktiv sort med middels store til store frukter som er jamne i form og storleik. Sorten er sterk mot epleskurv, mjøldogg og lagersjukdomar, og er prøvd i økologisk dyrking på NJØS med godt resultat. 'Fonn' har hatt testnummer MA992 35005 og er frå kombinasjonen 'Tohoku 2' x 'Rubinstep'.

## 'Halo'

'Halo' er eit gulgrønt eple (Bilde 2) som er sprøare og saftigare enn 'Aroma'. Ved god lystilgang får fruktene ofte eit svakt raudoransje 'blush' på solside. Vanleg haustetid er nokre dagar etter 'Aroma'. Det er ein middels produktiv sort med middels store frukter som er jamne i form og storleik. Sorten er sterk mot epleskurv, mjøldogg og lagersjukdomar, og er prøvd i økologisk dyrking

på NJØS med godt resultat. 'Halo' har hatt testnummer MA992 39008 og er frå kombinasjonen 'Aroma' x 'Rubin'.

## 'Lady Oy'

'Lady Oy' er eit raudt eple (Bilde 3) som er litt sprøare og saftigare enn 'Aroma'. Vanleg haustetid er nokre dagar før 'Aroma'. Det er ein svært

produktiv sort med middels store til store frukter. Fruktene er jamne i form og storleik. Sorten er sterk mot epleskurv og mjøldogg, men er like utsett for kjølelagersopp / bitterrote som 'Aroma'. Dessutan er den noko utsett for prikkjuke, slik at den bør følgast godt opp med kalsiumsprøytingar. Vi har prøvd 'Lady Oy' i økologisk dyrking på NJØS med godt resultat. Sorten har hatt testnummer MA982 05043 og er frå kombinasjonen 'Discovery' x ARX 49-18.

Vi kjem tilbake med meir opplysningar om desse sortane i seinare artiklar.

Tabell 1. Nokre resultat frå prøving av dei nye sortane ved NJØS, i samanlikning med 'Aroma'.

	'Fonn'	'Halo'	'Lady Oy'	'Aroma'
Blømingstid	Sein	Sein	Tidleg	Middels-sein
Relativ haustetid	- 3 dagar	+ 3 dagar	- 3 dagar	0
Relativ avling	107	95	148	100
Fruktvekt	176 g	147 g	203 g	197 g
Sprøheit	6,5	6,0	5,5	4,5
Saftigheit	7,5	7,0	7,0	6,5
Oksidering	3,5	3,0	2,5	2,5

Haustetid er presentert som tal dagar før / etter 'Aroma', og avling som relative tal der 'Aroma' har avling=100. Sprøheit, saftigheit og oksidering (brunfarging av snittflate etter gjennomskjering) er dømt i beste brukstid etter skala 1-9, der 1 er minst og 9 er mest sprø / saftig / brun.



Eplesorten 'Lady Oy'. (Foto: Dag Røen)

## – tre nye eplesortar frå Graminor



### Sertifiserte bærplanter gir den beste start for en ny avling

NORGRO kan levere et rikholdig utvalg av planter og andre driftsmidler til frukt- og bærproduksjon. Våre fageksperter hjelper deg med alt fra bestilling til rådgivning

Rett emballasje fremmer salget og beskytter produktet



• Se kontaktinformasjon og hele sortimentet på [www.norgro.no](http://www.norgro.no)

## Verdi

Ny jordbærsort fra en av Europas ledende foredlere. Verdi er 2 -5 dager tidligere enn Korona. Sorten er generelt sterk mot rotråte og gir stabile avling med koniske jevne bær



## NORGRO

Vi dyrker fremtiden